

Meland Kommune  
Postboks 79  
  
5906 FREKHAUG

Sakshandsamar: Ola Midttun  
Telefon: 46888567  
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon  
Vår referanse: 14/9028  
Dykkar referanse: 14/4458  
Vår dato: 03.10.2014  
Dykkar dato: 01.07.2014

Att: Kristin Nåndal

### Elektronisk post

## MELAND KOMMUNE HORDALAND - HØYRING OG OFFENTLEG ETTERSYN AV KOMMUNEPLANENS AREALDEL - UTTALE

Vi viser til e-post av 01.07.2014 frå Meland kommune ved Kristin Nåndal med høyring og offentleg ettersyn av framlegg til kommuneplanen sin arealdel.

Planprogrammet som Meland kommune presenterte desember 2010 omfatta revisjon av både samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen. I vår høyringsfråsegn av 12.01.2011 til planprogrammet har vi gjort reie for Fiskeridirektoratet si rolle og ansvar i arealplanlegginga, og kva forventningar Fiskeridirektoratet set til kommuneplanen. Kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunal planstrategi vart presentert i juli 2013, og vi viser her til vårt brev av 26.08.2013 med fråsegn til planframlegget. I brevet har vi og teke opp sentrale spørsmål til arealplanlegging og arealbruk i sjøområda.

### Fiske og marine ressursområde - plankart

Ifølgje planomtala er areala som er sett av for fiske i gjeldande plan vidareført til neste planperiode. På generelt grunnlag meiner vi at områda som er sett av under arealbrukskategori 'fiske' på plankartet følgjer opp Fiskeridirektoratet sin forventningar på ein god måte. Vi vil likevel knyte merknad militært øvingsområde som er lagt inn på vest- og nordsida av Skjelanger. Her overlapper øvingsområdet del av eit registrert fiskeområde som tradisjonelt har vore nytta til reketråling. Fiskeridirektoratet region vest ser ikkje at det er vesentlig konflikt mellom reketråling og militært øvingsområde, men at dette handlar om samordning mellom statlige interesser. Innafor for det 'overlappande' området går vi såleis inn for at 'fiske' ikkje vert utelukka frå arealbruka, men i staden vert teke inn som kobinert føremål i lag med militært øvingsområde. Vi er kjent med at Fiskarlaget Vest også har teke opp

problemstillinga til trålfelt og militært øvingsområde gjennom sitt fråsegn til arealplanen.

### **Akvakultur**

Det er gjeve løve til oppdrett av laks og aure ved 2 lokalitetar innafor sjøområda i Meland, ved Kjeppvikholmen og ved Laksevika. Begge lokalitetane er sett av som einkategori akvakulturområde i planen. I planframlegget har ein justert og utvida areala noko slik at planlagtt areal skal vere meir i samsvar med den faktiske arealbruka ved lokalitetane. Vi ser positivt på dette, men vi er likevel usikker på om sjøareala som er sett av for akvakultur på plankartet dekker faktisk arealbruk m.o.t. fortøyingsystem. Vi kjem attende til denne problemstillinga i neste avsnitt.

### **Planføresegn - kap. 2.3 'Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner, pbl 11-7 nr. 6'**

Plankartet syner sjøområde sett av etter hovudføremålet 'Bruk og vern av sjø og vassdrag pbl § 11-7 nr. 6' med underføremåla 'Ferdseil', 'Småbåthamn', 'Fiske', 'Akvakultur', 'Friluftsområde' og 'Kombinerte formål sjø og vassdrag'. I Planføresegna er det ingen føresegner eller retningsliner om arealbruk i sjøområda utover, sitat: "Arealbruk avsett til hovudføremålet kan utnyttast med de aktuelle underføremåla med unnatak av akvakultur og småbåthamn, §§ 11-7, 3.ledd, 11-9 og 11-11". Sjølv om det ikkje er eit krav etter pbl, meiner vi at arealbruk i sjøområda som er synt på plankartet bør supplerast med utfyllande føresegner/retningsliner til hovudføremålet og dei einskilde underkategoriane. Som eit døme på utfyllande føresegner til arealbruk i sjøområda vil vi trekke fram arealplan for Fjell kommune som nylig har vore til høyring.

Vi er usikker på om områda som er sett av for akvakultur dekker faktisk arealbruk m.o.t. fortøyingsystem. Fortøyingsystem frå akvakulturanlegg vert rekna som ein del av verksemda, og vi gjer merksam på akvakulturlova § 15: "Løve til akvakultur kan ikkje gjevast i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova". I praksis vil fortøyingsystema legge beslag på større område enn sjølve anlegget i overfalata, og det naudsynt å vurdere slike spørsmål i arealplanlegginga. Pbl § 11-11 nr. 3 opnar for å lage føresegn til differensiert arealbruk på overflate, vassøyle og botn. Alternativt kan ein i føresegna opne for at fortøyingsystem frå akvakulturanlegg kan tillatast innafor fleirbruksområda der akvakultur ikkje inngår blant arealbrukskategoriane. Vi understrekar samstundes at fortøyingsystem ikkje må kome til hinder for fiske. I særleg grad gjeld dette i nærleik til område som vert nytta til trålfiske.

Med helsing

Kari Morvik  
fungerende seksjonssjef

Ola Midttun  
seniorrådgiver

*Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift*

**Mottakarliste:**

Meland Kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG
----------------	-------------	------	----------

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland	Miljøvern- og klimaavdelinga	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune	Postboks7900	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Plan- og Kystforvaltningsavd elingen	6025	ÅLESUND
Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN